

Namna Grøta(vær) og Gryta / Grytøya

Av Eldar Heide

Ei grend på Gryta / Grytøya i Sør-Troms heiter *Grøta(vær)*. Det ligg i dagen at desse namna heng i hop, men samhovet mellom dei er ikkje utgreidd, og opphavsformene er ikkje rekonstruerte. Det skal eg gjere her. Eg kjenner desse namna frå somrar på Grytøya frå midten av 1970-talet og framover. Så vidt eg veit er det berre Karl Rygh og Ola Stemshaug som har skriva om dei, i *Norske Gaardnavne* (bd 17, 1911: 25) og *Norsk stadnamnleksikon* (1997: 185-86). Ingen av dei skil klårt mellom *Grøta(vær)* og *Gryta*. Men det er ulike namn, med ulik uttale og ulik referanse. *Gryta* (tostavingstonelag) er den tradisjonelle forma av namnet på øya, i dag allment *Grytøya* (parallelt til at t.d. *Rolla* og *Vanna* i dag gjerne blir kalla *Rolløya* og *Vannøya*). *Grøta* (med lang *ø* og tostavingstonelag) er namnet på den vestlegaste grenda på øya. Ho blir ofte kalla *Grøtavær*, men særleg i skrift og av framande. Rygh nemner ikkje *Grøtavær* i 1911, berre *Grøta*. Eg går ut frå at det er postverket som har lagt til *-vær* for å få eit unikt poststadnamn, før ein i 1968 fekk postnummer som minsk behovet for det. Det er mange døme på slike nylagingar, m.a. *Bøstrand*, *Bøvær* og *Bøgard* for *Bø* (i Ofoten, på Senja og på Andøya [And-Bø]), og *Steinavær* for *Steine* (i Andfjorden). (I parentes: Namnet *Bøgard* er no avvika, og det er vel på tide å kvitte seg med resten av slike konstruerte namn, når postnummer i over 40 år har gjort jobben deira?)

Både Rygh og Stemshaug set *Grøta* og *Gryta* i samband med det gammalnorske inkjekjønnsordet *grjót*, som tyder '(materialet) stein', og meiner *Grøta / Gryta* opphavleg er namn på øya. Koplinga til *grjót* er heilt sikkert rett. Men grendenamnet blir aldri uttala med *-y-*, og øynamnet aldri med *-ø-*. Altså er det ulike ord som må knytast til *grjót* på ulike måter. Det er det vanskeleg å få til dersom øynamnet er det primære.

Gryta kan enkelt rekonstruerast som (bunden form av) gammalnorsk *grýta* (<urnordisk **greutijōn*), som er heimla berre i tydinga 'kokekjørel', men som bokstavleg tyder 'det som er laga av *grjót*' eller 'det steinute'. Bakgrunnen er at ein frå slutten av 500-talet og i mange hundre år framover ikkje laga gryter av keramik i Noreg, men av kleberstein, altså *grjót*. (Ordet for det ein særleg koka i gryter, nemleg *graut*, er så danna til same avlydsrekka, slik t.d. *braut* 'veg' er danna til verbet *brjóta* 'bryte', om å laga veg.) **Grýta* som øynamn er formelt same ordet som *grýta* 'kokekjørel', og tyder altså bokstavleg 'det som er laga av *grjót*'. Det gjev meining, for *Grytøya* er svært steinut i høve til øyane ikring. Då kan

grendenamnet *Grøta* (opphavleg gardsnamn) vera avleidd av øynamnet. Men det trur ikkje eg. For kvifor skulle *Grøta* ha *-ø-* dersom det er avleidd av **Grýta*? Det stemmer ikkje med lydutfviklinga elles i sørtrømsmålet, så *grøt-* må stamme frå ein annan vokalisme. Alternativet som byr seg er at *Grøta* er danna direkte til *grjót*. I så fall kan det komme av **Grjótá*, som er fleirtal av *grjót* og som er gardsnamn mange stader i landet. (Søk etter "grjotar" i *Norske Gaardnavne* på http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html. Om fleirtalsforma, sjå *Forord og Indledning til Norske Gaardnavne*, s. 12.) **Grjótá* ville bli *Grøta* med den lydutfviklinga vi kjenner. Rett nok blir gammalnorsk *-jó-* ofte (*j*)y i dialekten, som i *sny* og *tjyv* (<*snjó*, *þjófr*), men det er òg mange døme på at det blir (*j*)ø, særleg etter r. *Brjóst* og *rjómi* er vorte *brøst* og *rømme*, og dermed skulle *Grjót-* bli *Grøt-*. Det ser vi òg av ordet *talggrotstein*, som i gammalt mål på Andøya vart brukt om kleberstein (Finn Myrvang 20.8.10). Det kjem av **talg-grjót*, altså 'telgjestein, stein som ein kan skjere med kniv' (svensk *täljsten*), med *-stein* lagt til då meininga i *grøt* var gløymd. (I infinitiven *bryte*, som vi då skulle vente som **brøte*, er y-en overført frå presensforma.) Endevokalen stemmer òg med lydutfviklinga, i alle fall om vi går ut frå den gammalnorske dativforma, som svært ofte er den som slår gjennom i stadnamn. (Til dømes *Dale* på *Grytøya* og *Åse* på *Andøya*, begge eintalsdativ.) Endinga i fleirtalsdativcn **Grjótum* skulle bli *-a*, slik det har skjedd i gammalnorsk *millum* og *gegnum*, som heiter *meilla* og *gjønna* i dialekten. Formelt ville det altså høve om *Grøta* kom av **Grjótá* / **Grjótum*. Også realt ville det høve godt, for heile låglendet på *Grøta* (og i den tilgrensande grenda *Alvestad*) har frå gammalt av vore overstrødd med storstein, og er det til dels enno. Eg føreslår derfor at namnet *Grøta* ikkje opphavleg er namn på øya, men namn på den garden som for kanskje 2000 år sidan vart grunnlagd der det no heiter *Grøta*, opphavleg **Grjótá* 'den steinute garden' (<urnordisk **GreutaR*). Denne garden, som ligg mest strategisk og har den beste hamna og dei rikaste fiskeressursane på *Grytøya*, i tillegg til godt jordbruksland, har så gjeve namn til heile øya. Då er det ikkje steinen i *Grytøy-fjella*, men steinen på *Grøta*, som er opphavet til både *Gryta / Grytøya* og *Grøta*.

Ein skulle kanskje tru at *-ar-*endinga i nominativ *Grjótá* òg ville bli *-a*, slik som i t.d. fleirtal *bátar* > *báta* og presens *kastar* > *kasta* i sørtrømsmålet. Men både person- og stadnamn blir mykje meir "nedslitne" enn andre substantiv, så i namn blir gamle *ar-*endingar gjerne svekte heilt til *-e*, som i *Vinjar* > *Vinje* mange stader i landet. (I *Vinje* på *Gimsøya* i *Lofoten* fell til og med *e-*en bort.) I dei same områda held dativformer på *-um* seg derimot med fullvokal *-o(m)* eller *-å(m)*, i namn òg, fordi leppestillinga i uttalen av *m* hjelper til å bevare akkurat desse vokalane.

Eit unntak frå dette er Nord-Noreg nord for *Salten*. Her finst det ikkje eitt stadnamn på *-o(m)* eller *-å(m)*. Men det er truleg på grunn av ei

dialektendring som har skjedd i nokså sein tid og som framleis pågår i Salten og på Helgeland. Der har dialektane tradisjonelt ulik ending for bunden form i svake og sterke hokjønnsord: (*Ei*) *skål* heiter i bunden form *skåla* (eller *skåle*, Brønnøy. Gammalnorsk *skálin / -ina*), medan (*ei*) *gryta* / *gryt'* i bunden form heiter *gryto* (eller *grytå*, Brønnøy. Gammalnorsk *grýtan / -una*). Men i Bodø er *a*-ending innført i begge kategoriane, og denne forenklinga spreier seg no til byggedialektane ikring òg, så vidt eg veit. Men uavhengig av Bodø har ho spreidd seg over kjempestore område før, gjennom fleire hundre år. Elstad (*Nordnorsk. Språkarv...*, 1982: 58) nemner at *gryto* fanst på yttersida av Lofoten til innpå 1900-talet, og Hallfrid Christiansen (*Maal og minne* 1951 og 1962) viser at slike former må ha funnist i alle fall til Midt-Troms før. Det klåraste argumentet hennar er at gardsnamnet *Steiro*, som kjem av gammalnorsk *Steinrôf* 'steinhaug', i Vesterålen heiter *Steira*. Det kan ikkje forklarast på annan måte enn at *o*-en i *Steiro* har vorte oppfatta som bunden form og "gått med i dragsuget" då *-o* i bunden form (i ord som [*den*] *gryto*) vart skifta ut med *-a*. På same måte kan ein resonnerer med gardsnamna *Bjynnra* (eldre uttale slik, med palatal *n*; no gjerne *Byndra*, utan palatal) og *Forsa* på Grytøya og Rolla. Andreleddet er *å* 'elv', og namna blir konsekvent skrivne med *-å* ("aa", "ae") på 16- og 1700-talet. Som Christiansen peika på, tyder dette på at det har vore *å*-ending i svake hokjønnsord ([*den*] *grytå*) nord for *o*-området før, og den endinga fann Christiansen hos gamle folk i Steigen på midten av 1900-talet.

Etter mi meining har Christiansen opplagt rett i dette, og eg vil legge til at fråværet av stadnamn i dativ fleirtal er eit argument for det same. I Nord-Noreg skulle vi vente å finne gammalnorsk *um*-ending som *-o* eller *-å*, men i den delen av Nord-Noreg der *-o* og *-å* i svake hokjønnsord etter alt å døme er skifta ut med *-a*, finn vi i staden gammal *um*-ending som *-a*, klårast i orda *millum* og *gegnum*. Dette kan ikkje vera lydrett.

Vi må rekne med at stadnamn i dativ fleirtal på *-o* eller *-å* har "gått med i dragsuget" og fått *a*-ending då *gryto* og *grytå* vart *gryta*, slik *Steira*, *Forsa*, *Bjynnra*, *mejlja* og *gjønna* fekk det. *Grøta* er truleg blant desse fleirtalsdativnamna. Det kan vanskeleg forklarast av nominativ **Grjótar*, men kjem det av **Grjótum*, så stemmer alt: Det lydrette **Grøtå* har fått akkurat den sekundære *a*-endinga vi skulle vente. *Gårda* i Kvæfjorden og *Venja* på Dyrøya kan vera andre namn som eigentleg er dativ fleirtal (<**Gårdå*, **Venjå* <**Gorðum*, **Vinjum*). At det tidlegare truleg var *å*-ending i bunden form av svake hokjønnsord i Sør-Troms inneber òg at *Gryta* = *Grytøya* før heitte **Grytå* – kanskje fram til 1700-talet? – Eg arbeider med ein artikkel der eg føreslår at forenklinga *skåla* : *gryto* / *-å* > *skåla* : *gryta* fyrst oppstod på grunn av dialektkontakt på grunn av innflytting i Rana og ikring LoppHAVET, på 15-1600-talet, og så spreidde seg derifrå.



Hefte 4 - 2010

91. årg.

23. bind